



## Skodje sogelag

Dato: 29.02.16

Medlemmer i Skodje sogelag

### Årsmøte 2016 - innkalling

Styret kallar med dette inn til årsmøte 2016 med historisk program:

Tid: måndag 7. mars 2016 kl 19.00

Stad: Gomerhuset (biblioteket)

Historisk program:

- Foredrag v/arkeolog Heidi Haugene, Godøy kystmuseum, om Skodje i førhistorisk tid.

Gomerprisen:

- Utdeling av Gomerprisen

Årsmøtesaker:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Medlemskontingent
- Budsjett
- Årsplan
- Innkomne saker (sendast til [kare.beite@gmail.com](mailto:kare.beite@gmail.com) før årsmøtet)

Det blir kaffi og noko å bite i etter prisutdelinga.

Vi ønskjer vel møtt til årsmøtet!

Med helsing

Kåre Beite  
leiar

Vedlegg

## Skodje sogelag - årsmelding 2015

---

### 1. Medlemskap

Ved årsskiftet hadde Skodje Sogelag 124 medlemmer. Kontingent for 2015 var 220 kr.

### 2. Årsmøte 2015

Årsmøtet vart halde på Gomerhuset - biblioteket den 2. mars 2015 med 12 frammøtte. Det var ingen merknad til innkallinga, og sakliste og rekneskap vart godkjend.

Historisk program var ved Eldar Øiehaug Høidal som fortalde om boka som kom ut hausten 2014: «Gull av gråstein» Næringsliv på Sunnmøre gjennom 250 år». Der tok han spesielt føre seg tema som omhandla saker i Skodje kommune.

### 3. Rekneskap

Rekneskapan er delt driftsrekneskap og eigendelar/kapitalfond. Driftsrekneskapan viser eit årsresultat på 76.256 kr inklusiv renteinntekter. Pr 31.12.15 utgjorde samla eigenkapital 3.602.533 kr. Midlane er fordelt på innskot i Sparebanken Møre og i Ørskog Sparebank.

Rekneskap for årsskriftet i 2015 vert ført i 2016 fordi faktura og sponsorinntekter ikkje kom inn før etter årsskiftet.

### 4. Tillitsvalde

På årsmøtet var fylgjande valde til verv i 2015:

Utval	Namn	Funksjon
Styre	Kåre Beite	leiar
	Kjell Sindre Tysse	nestleiar
	Eystein Hjelme	sekretær
Redaksjonskomité for sogeskrift	Jon Arne Torset	kasserar
	Harald Honningdal	styremedlem
	Kristen Midtlid	styremedlem
	Bente Nybøen	1.varamedlem
	Solfrid Viset	2.varamedlem
	Edmund Hofseide	3.varamedlem
Revisor	Norunn Heggebakk Steinnes	Leiar
	Reidulf Erstad	Medlem
	Rikke Bruteig	Medlem
Valkomitè	Jon Stette	
Valkomitè	Bjørn Nedreskodje	Leiar
	Irene Dyb Utvik	Medlem
	Lars Hjelme	Medlem

### 5. Styret

Styret har hatt 6 styremøte i 2015. I tillegg til tiltak, tema og prosjekt under pkt 6 og 7, har styret m.a. behandla følgjande:

- Sogelaget har i samråd med Skodje kommune stått for søknad om midlar til informasjonstavlene for det freda bruanlegget i Skodjestraumen. Kostnadane er dekt av vegvesenet og kommunen.
- Etter innspel om oppnemning av valnemnd, jf vedtektene § 5, er det vedteke at årsmøtedokumenta vert lagt ut på heimesida ei veke før årsmøtet, og at styret kjem med forslag til medlemmer og leiar i valnemnda.

- Slektsgruppa si tilknytning til sogelaget har blitt tatt opp, med evt innmelding i DIS (Data i slektsforskning) eller som uavhengig gruppe. Styret si vurdering er at sogelaget vil medverke til eit godt miljø for slektsgranskning, og ser gjerne at det kan fortsette i tilknytning til sogelaget.
- Sogelaget vert av og til kontakta med tilbod om å overta dokument og gjenstandar. Slike gåver vert registrert i eigen oversikt og oppbevart i sogelaget sitt arkiv. Ein del av desse kan vere interessant å vise eller stille ut i ulike samanhengar, og det vert arbeidd med å finne ei god løysing på dette. I løpet av det siste året er mottatt: «Grindvik kvinneforening si sparekasse» (Klara Grindvik) og «Slektshistorier etter Knut Ytreberg og Skodjebakken» (Gjertrud Stenseth)

## 6. Tiltak i 2015

### Bygdevandring

I 2015 vart det arrangert to vandringar. Den første i Engesetdalen, og den andre på bruene i Skodjestraumen i høve fredningsvedtaket og dei nye informasjonstavlene som har kome på plass der.

Søndag den 25. september 2015 var det bygdevandring på Erstad i Engesetdalen. Turen gjekk frå Johannesgarden, Joakimgarden, Haujæret, Reiten og innom sommarfjøsar i området før den enda på klubbhuset til Engesetdal idrettslag. Reidulf Erstad, Ole Johan Erstad og Sveinung Giske tok oss med på ein innhaldsrik tur i fint haustver med nydelig utsikt over Engesetdalen og Engesetdalsvatnet. Dei auste av mykje kunnskap om historia til gardane, og om segn og soge. Nokre av deltakarane kom med supplerande opplysningar, og det er fint og viktig at det vert vist engasjement ved slike arrangement. Slik kan ein få levandegjort historia og vere med på at ho vert ført vidare. Det heile vart avslutta på klubbhuset til Engesetdal idrettslag der det var traktering med kaffi og gode kaker. Vel 40 personar var med på denne vandringa.

Søndag den 18. oktober 2015 var det bruvandring på bruene i Skodjestraumen. Det vart m.a. lagt opp til markering av at veganlegget i år er blitt freda av Riksantikvaren, og at informasjonstavler er plassert på strategiske stader. Riksantikvaren seier i fredningsvedtaket m.a.: «Bruene har arkitektonisk og kulturhistorisk verdi. Skodjebrauene syner behovet for godt vegsamband i ei tid då vegen vart alt viktigare i samferdselssamanheng. Bruene syner tidens beste ingeniørkunst og er viktige både i arkitektonisk og teknisk samanheng.» Hovudposten på programmet var vandring med start på utkikspunktet. Først over Storstraumen bru, så Storholmen, Heggestraumen bru, tunnelen gjennom Kasholmen og tilbake over nye Straumsbrua. Øystein Strømsvik leia an, og fekk ause av all kunnskap han sit inne med om Skodjebrauene. På dei nymonterte infotavlene står mange årstal og fakta om bygginga. Øystein repeterte ikkje det, han brakte oss derimot i nærkontakt med mange av dei dugande folka som bygde anlegget i tida 1911-1919. Med fantastisk formidlingsevne greidde ha å gjere økta interaktiv då han kopla arbeidsfolka for 100 år sidan til dei frammøtte. Både den eine og den andre fekk vite kva ein oldefar eller ein bestefar hadde betydd. Vandringa vart avslutta med fiskesuppe, kaffi og kaker på utkiksplassen over bruene. Godt over 100 personar deltok på denne vandringa.

### Årsskriftet 2015

Tema for årsskriftet 2015 var ungdomslaga i Skodje. Både frilynde og kristelege ungdomslag vart teke med. Det var greit å kunne forsøkja å få fram aktiviteten i alle bygdelaga i kommunen. Dei første ungdomslaga vart skipa kring 1900-talet og då seier det seg sjølv at det å få oversikt på aktiviteter som ikkje var nedskrivne i anna enn lagsblada vart eit omfattande arbeid. Dei to største frilynde ungdomslaga hadde protokoller andre skriftlege dokument, men for å få med aktivitetane i dei mindre og meir korteksisterande lag viste seg vanskelegare. Det eksisterer ingen attlevande kjelder, men i samtaler eldre menneske kom det fram historier som dei hadde fått fortalt frå sine forfedre og som kunne supplerast frå dei handskrivne lagsblada vi hadde til disposisjon.

Før utsending vart det invitert til presentasjon av årsskriftet på biblioteket 06.12.15, der fleire av forfattarane og pressa var tilstade.

#### Skodjedagane

Sogelaget deltok også i år på Skodje skulekorps sitt arrangement 19. - 20. september på Gomerhuset, med utstilling, informasjon om sogelaget, vising av gamle foto, sal av årsskrift og bygdebøker, samt tilbod om medlemskap.

#### Kulturveka

Sogelaget deltok ikkje med arrangement under kulturveka i år.

#### Heimesida

Endeleg fekk vi etablert heimesida igjen. Knut Berg har vore til stor hjelp for oss og vi håper at han blir med oss vidare. Vi har mange besøkande på sida og den vil være ein viktig kanal til å nå ut til medlemmer og andre med. Vi ynskjer stoff som vi kan legge ut på sida.

### **7. Prosjekt**

Sogelaget har hatt fire prosjekt som styret har arbeidd med i 2014:

#### Gamle foto

Arbeidet med å samle inn og registrere gamle foto har halde fram også i 2015, og fotosamlinga vert stadig større. Etter at vi fekk heimesida etablert igjen, har vi endeleg fått kunne presentere arbeidet vi har utført der. Alle som har gamle bilete vert oppmoda til å kontakte sogelaget slik at dette viktige arbeidet kan fortsette.

#### Slektshistorisk arbeid

Sogelaget samarbeider med Skodje bibliotek om slektsgransking. Ei interessegruppe møter om lag ein gang i månaden på biblioteket i eit inspirerande og lærerikt miljø. Møta er opne, og nye interesserte er velkomne til å delta.

Alle som har lyst å lære litt om moderne slektsforskning i dag, kan ta ein tur på biblioteket tredje tysdagen i månaden kl. 1900.

#### Kvennabakken

Sogelaget har søkt og fått tilsagn om tilskot frå Norsk kulturminnefond på 50% av kostnaden på 230.000 kr for renovering av husmannsplassen Kvennabakken på Fylling. Det er inngått avtale med grunneigar Egil Fylling, og antikvarisk handverkar Martin Nystad har påteke seg å utføre oppdraget, som er planlagt ferdigstilt sommaren 2017.

#### Kultur- og bygdehistorie

Sogelaget kom i 2014 med innspel om å få utarbeidd bygdehistorie / almennsoge for Skodje. Etter drøfting med Skodje kommune, Sunnmøre museum og Norsk Lokalhistorisk institutt har historikar/professor Atle Døssland ved høgskulen i Volda utarbeidd forlag til innhaldsskisse. Sogelaget er no i dialog med kommunen om realisering av prosjektet, m.a. om oppnemning av bygdeboknemnd, finansiering, engasjement av forfattar, tidsplan, m.m.

Dato: 01.02.16

Styret

# SKODJE SOGELAG

## RESULTATREGNSKAP 2015

<u>Driftsinntekter</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Medkemskontingent	28 030,00	29 400,00
Annonseinntekter	-	20 650,00
Sal årsskrift	600,00	6 500,00
Sal bygdebøker	1 450,00	3 670,00
Anna innkome	1 135,00	-
Sum driftsinntekter	<u>31 215,00</u>	<u>60 220,00</u>
<u>Driftskostnader</u>		
Trykking årsskrift	875,00	55 000,00
Møteutgifter	198,09	1 661,11
Blomster m.m	900,00	1 300,00
Utgift,stell av grav	-	1 350,00
Andre utgifter	3 453,45	928,00
Inventar og Utstyr	-	1 000,00
Rekvisita	540,00	1 985,00
Heimeside	3 400,00	1 362,00
Porto	5 689,60	1 992,00
Annonse/Reklame	1 000,00	1 358,00
Skodjedagane	1 500,00	1 500,00
Kontingentar	-	1 454,00
Tilbakeført medl.kontingent	-	600,00
Oppgjer Løvold	-	-20 988,74
Prosjekt, Gomerprisen	-	22 500,00
Prosjekt, Bygdebok på nett	-	10 000,00
Mot kapitalfond	-	-18 933,00
Mellompostering	-	18 933,00
Sum Driftskostnader	<u>17 556,14</u>	<u>83 001,37</u>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b><u>13 658,86</u></b>	<b><u>22 781,37</u></b>
<u>Finansposter</u>		
Renteinntekt	-12 702,00	-6 607,11
Renter kapitalfond	-49 961,20	-94 667,80
Bankkostnader	66,00	73,00
Anna finanskostnad		11,50
Sum Finansposter	<u>-62 597,20</u>	<u>-101 190,41</u>
<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b><u>76 256,06</u></b>	<b><u>78 409,04</u></b>

Skodje 09.02.2016  
JonArne Torset  
Kasserer

## NOTER TIL REGNSKAPET

Korrigeringer av eldre udokumenterte beløp er ført som følger :

Udokumentert leverandørgjeld Kr. 1135,- føres til Anna Innkome

Leverandørgjeld	Debet	1 135,00	
Anna Innkome	Kredit		1 135,00

Udokum.krav medlemmer Kr. 65,- føres til Andre utgifter

Medlemmer	Kredit		65,00
Andre utgifter	Debet	65,00	

Udokumentert krav Annonserer Kr.900,- føres til Andre Utgifter

Annonserer	Kredit		900,00
Andre Utgifter	Debet	900,00	

Udokumentert fordringer Kr. 19,55 føres til Andre Utgifter

Udokumentert fordringer	Kredit		19,55
Andre Utgifter	Debet	19,55	

Negativ kassebeholdning Kr. 550,- fra 2014 føres til Andre utgifter

Kontanter	Bebet	550,00	
Andre Utgifter	Kredit		550,00

Jon Arne Torset

Kasserer

# SKODJE SOGELAG

## BALANSE 31.12.2015

### EIENDELER

<u>Omløpsmidler</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Medlemmer	-	65,00
Anonsører	-	10 050,00
Opptent inntekt	-	8 350,00
Andre fordringer	-	19,55
Kontant	-	-550,00
Bankinnskudd 3901.30.29915	916 032,58	936 503,58
Bankinnskudd 3901.45.81149	23 581,45	17 342,04
Plasseringskto 4060.27.37200	2 662 919,55	2 612 958,35
Sum Omløpsmidler	<u>3 602 533,58</u>	<u>3 584 738,52</u>
<b>SUM EIENDELER</b>	<b><u>3 602 533,58</u></b>	<b><u>3 584 738,52</u></b>

### EGENKAPITAL OG GJELD

#### Egenkapital

Egenkapital	285 352,20	269 816,70	Fra oversku	15 535,50
Kapitalfond	3 240 925,32	3 178 051,78	Fra oversku	62 873,54
Årsresultat (opptj. Egenkap)	76 256,06	78 409,04	Fordelt	-78 409,04
Sum Egenkapital	<u>3 602 533,58</u>	<u>3 526 277,52</u>		<u>-</u>

#### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld	-	58 461,00
Sum kortsiktig gjeld	<u>-</u>	<u>58 461,00</u>

<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>	<b><u>3 602 533,58</u></b>	<b><u>3 584 738,52</u></b>
-----------------------------	----------------------------	----------------------------

Skodje 09.02.16

Jon Arne Torset  
Kasserer

# Skodje sogelag - ÅRSPLAN 2016

## Styremøte:

- 7 faste styremøte. Styret fastset datoar.

## Årsmøte:

- 7. mars kl 1900

## Aktivitetar:

(kontakt)

- Årsskrift Redaksjonskomiteen
- Heimeside
- Prosjekt
  - o Gamle foto
  - o Slektshistorisk arbeid
  - o Kultur- og bygdhistorie for Skodje
  - o Kvennabakken
- Bygdevandring
- Skodjedagane

Dato: 01.02.16

Styret